

Til ordføreren og politikerne i Lindås Kommune

07.juni 2017

**Felles innspel frå berørte landbrukseigedommar i Lindås, i forbindelse med silingsrapport av ny veg E39 fra Flatøy-Eikefet tunnelen.**

Grunneigarar på Isdal, Aase, Hjelmtveit og Kopperdalen står samla om å oppmoda ordførar og politikerne i Lindås til å forkaste alternativa V8 og V7C, til ny E 39 frå Flatøy til Eikefet tunnelen.

Grunnen er at områda er LNF og må sjåast i sammenheng med historisk, noverande og framtidig landbruk og friluftsliv i denne delen av Lindås Kommune.

Me stiller krav til at kommunen setter områda inn som areal for Bynært landbruk, no når politikerne si største ynskje er at Knarvik skal verte by. Me kan ikkje godta presset frå næringslivet og kommunen om at ein skal knuse jordbruksnæringa for å styrke anna næring. Der er nok areal til alle.

Me ser ikkje kvifor dyrka landbruksareala (3 % i Noreg) skal øydeleggjast for all framtid, for at det skal byggjast veg for anna næring. Dette må kunne utførast på eksisterande vegtrasear og i tunnel eller på areal som ikkje er egna og etablert for anna.

Dersom Knarvik skal verte ein by, må ein også ta konsekvensane av dette. Me tenkjer ikkje å få gardane og næringa vår øydelagd for all framtid, for at ein skal spare Knarvik for to ekstra tunnel hol. Dette ser vi kan skape interesse konflikter i Knarvik også, med sterke næringsutbyggjarar som pleier å få det som de vil. Men vi kan ikkje sjå at gardane våre og framtida for landbruket berre blir ete opp av andre interesser. Kanskje E 39 treng ein heilt annan strategi i Nordhordland, som gagnar alle partar?

Me er ikkje mot nye vegar, men strategien som durar fram for ny E39 fra Kristiansand til Trondheim, er raserande for etablerte bygder og tettstader, den følgjer ikkje strategi for veg bygging slik den gjer i andre nordiske land. Der er europavegane trekt inn i landet, med avkjøring ut til tettstader.

Etter silingsrapporten fra vegvesenet og kommunen, finn me det merkeleg at to av fire alternativer går gjennom dei beste landbruksområda i søre del av Lindås. Ser ein framover vil desse areala også være viktige friluftareal og rekreasjonsområde for folk i byen Knarvik. Vi godtar ikkje at dersom Knarvik skal verte by, så skal alt rundt byen også være asfalt. Ved valg av vidare utgreiing av alternativa V7C og V8, har ikkje dei som utreda silingsrapporten heilt forstått heilheten av verdier i eit lokalsamfunn. Vi er redd målet for å skape ein by i Knarvik, skal øydeleggje dei vakre oppbygde og fungerande bygdene rundt.

Me meiner vegvesenet og kommunen har gjort for lite i planlegginga og utsilinga, når det gjeld muligheter og alternativ. Me ser heilt klart at alternativa i V7C og V8 lyser rødt på dei fleste punkter, også økonomi i forhold til alternativ V3, så derfor er det undrande kvifor ein vel å gå vidare med nettopp desse to alternativa.

Det burde vore fleire alternativ i usårbart område som dekkjer behovet for framtida. Samt at beskrivelsane av kva alterantiva inneber, burde vore bedre. Dette ville gjort jobben lettare for politikarane også.

Vegvesenet seier sjølv dei ikkje er komne til detaljerte planar, men dette er ikkje sant. Når strekar er veg i åpent landskap og stippla linjer er tunnell, samt at beskrivelser om å fylle stein i vatna og vassdraget er beskreve, ja då er vi på detaljer.

### **Kultur og lokalhistorie:**

Gardane på Isdal, Aase, Hjelmtveit og Kopperdalen er alle i dagleg drift og det er her lokalhistoria og levebrødet har sitt opphav for det som er området mellom Seim og Knarvik. Det er ikkje meir enn 80-90 år besteforeldra våre mjelka kyr på Juvikstølen.

Gjennom generasjoner har gardane vorte bygd opp og dyrking med god grøfte struktur har vore nøkkelen til dei frodige slåtteareala, me set med i dag. Steingardar, husmansplasser, torvhus, murte vegskuldre og kvernhus er mykje av det som vi ser igjen i frå dei gamle tidene.

Det eksisterer vel neppe kultur i dagens Knarvik som er eldre enn 50 år, medan gardane rundt kan skilte med både næring og kultur mange hundre og kanskje tusen år tilbake i tid. Dette landskapet må ikkje øydeleggjast av fleire åpne og støyande vegar i landskapet vårt.

### **Naturmangfald:**

Dei rolege områda i naturen og landbruksområda er grobunn for eit mangfald av dyreliv. Her er årlege observasjoner av sterkt trua fuglearter og arter som er på den norske rødlista som, vipe, gjøk, sivsvale, gulspurv, stær og sandsvale. Det er også enorme mengder med padde/frosk og eit ellers stort vandreområde for hjort. Vatna er tilhaldsstad for mange planter, fuglearter, innsekt og fisk. Ekorn, rev og mårkatt er også nesten daglege skue i områda.

### **LNF:**

Områda er i dag LNF og dette skal de fortsatt være. Det har vore prøvd frå kommen i fleire anledningar å få tilrettelagt næringsområde på Aase. Dette er det ingen av grunneigarane som ynskjer, sidan vi driv den viktigaste næringa for framtida. Det er tatt med i silingsrapporten at dersom ein får laga veg gjennom Aase, då kan det verte lettare å få utvikla næringsområde. Dette er berre oppspinn og burde såleis ikkje vore eit lokkemiddel i rapporten, for politikarane og næringsutviklarane i kommunen. Det er også gjort endringar fra kommen si side i å fargelegge areala ved jordtipp ved Tredalseggje, i farge for næringsareal i kommuneplan. Dette mot fleire av grunneigarane sine interesse. Dette skal no tilbake til LNF.

Området ved Tredalseggje og sørover har dei største forutsetningar for å vera framtidig dyrka mark. Dette fungerer i dag som beite og kan lett endrast til dyrka mark, når behovet kjem i framtida.

Eit samla landbruk treng heile Isdal, Aase, Hjelmtveit og Kopperdalen for å ha eit sterkt landbruk og god matproduksjon i dag og i framtida.

### Friluttslivet:

Fleire av gardane har idag viktige tilleggsnæringar som dagleg samlar mange aktivitetar i områda.

Dagleg bruker hundrevis av personer turstiar og treningslokalitetane i landbruksområda. Kjende turstiar er merka av turlaga og er opne for alle. Dette er uorganiserte aktivitetar som i år skal er hevda skal prioriterast av staten. Padleaktivitet, jakt og fiske er også sentrale fritidsaktivitetar som også har eksistert i generasjonar i og kring våre vassdrag.

Turar for bevegelsehemma personer langs vatna og arrangerte aktivitetar er dagleg syn i områda.

I tillegg har landbruket gjennom flerie år bygd opp tilleggsnæringar som hestesport og hundesport, rehabilitering av kulturminne, endring i landbruksdrift, skog og plantevirksomhet, kunst og kulturarv, gardsmuseum, mm. Dette er aktivitetar som ein ikkje kan drive med i Knarvik.

Store verdiar i form av arv og miljø vil verte øydelagde dersom vegkorridorane V7C og V8 vil verte prioritert.

Me håper på ordføraren og politikarane ser vårt framtidige og viktige arbeid for felleskapet og håper at fornuften fjernar alternativa V7C og V8 for vidare utgreiing for motorveg i vårt litle lokalsamfunn.

Mvh,

For Aase gardane:

Kjell Haugen

Anild Aase

For Isdal gardane:

Kjersti Isdal  
Vidar Isdal  
Knut Isdal  
Knut Isdal  
Knut Isdal

For Hjelmtveit gardane:

Stein Hjelmtveit

Ingrid Hjelmtveit

Knut Hjelmtveit

For Kopperdal gardane:

Rudolf S. Langseth

Kjell Langseth

Anild Langseth

Annelin T. Feste

Anild Aase for  
Magnus AASE